

**Notat**

Dato: 21.06.2017  
Arkivsak: 2017/4399-2  
Saksbehandlar: gunradd

---

**Til:**

---

**Frå:** Gunhild Raddum

---

## Uttale frå samferdselsavdelinga

### Høringsuttale til Rammeplanen

#### Innleiing

Statens vegvesen, region vest, har sendt «2017 – 2020 Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser» på høyring i dei kommunane og fylkeskommunane planen vil vere retningsgivande for. Planen erstattar rammeplanen som gjaldt for perioden 2013 – 2016.

Hordaland fylkeskommune (HFK) vil i sin uttale vil ikkje gå inn i tilhøva ved den einskilde kommune, men konsentrere seg om meir generell generelle merknader. I samband med endeleg vedtak av planen i Fylkesutvalet vil fylkeskommunen i sitt saksframlegg vise til innkomne høyringsuttaler frå kommunane i Hordaland.

Planen innleier med kva funksjon ein rammeplan har og korleis den kan nyttast. Det kjem tydeleg fram at planen ikkje er juridisk bindande. Denne klargjeringa tidleg i dokumentet er eit godt grep som tydeleggjer hensikta med planen som er å gi planansvarlege eit felles vurderingsgrunnlag. Målet er å sikre ein større likskap innan veg- og trafikkutforminga

#### Fylkeskommunen sine vurderingar

HFK støtter den differensiering for byggegrenser og haldningklasser til avkjørsler som det vert lagt opp til i Rammeplanen. Omsyna er i hovudsak dei same som ligg til grunn for dei generelle byggegrensene som framgår av vegloven. Haldningane er visualisert med fargekodar på kart som illustrerer dei ulike strengleiksklassane:

1. Meget streng haldning – byggegrense 50 meter(Raud)
2. Streng haldning – byggegrense 50 meter (Gul)
3. Mindre streng haldning – byggegrense 30 meter (Blå)
4. Lite streng haldning – byggegrense 15 meter (Grønn)

I høyringsutkastet kan ein lese følgjande:

*«Kommuneplanen bør nytte rammeplanen som premiss for rulleringa av kommuneplanen sin arealdel. Rammeplanen bør være eit silingsdokument når innspel til rulleringsplanarbeidet skal vurderast. Rammeplanen bør i planomtalen omtalast som eit dokument som ligg til grunn for kommuneplanarbeidet og som er førande for kommunen sin handsaming av plan- og byggesaker.*

HFK meiner det er eit viktig prinsipp at rammeplanen vert lagt til grunn som styringsdokument i kommunane sitt arbeid med rullering av kommuneplanens arealdel. Sjølv om rammeplanen ikkje er juridisk bindande kan det med fordel understrekast at rammeplanen skal vere retningsgivande og hindre at utbyggarar går utover dei byggegrensene som er sett langs sentrale regionale og lokale fylkesveger. Dispensasjon kan søkast når ulike tilhøve tilseier at det kan vere aktuelt.

Vidare har rammeplanen fokus på trafikktryggleik i samband med avkjørsler. Tilfeldig plassering av bustadområder og andre funksjonsområder må unngåast i arealplanlegginga. Slik «frimerkebygging» er ikkje i tråd med dei nasjonale og regionale føringar som er lagt samordna areal- og transportplanlegging. Utbygging av små områder som ikkje heng saman i eit internt vegnett gir ofte unødig mange avkjørslar til hovudvegnettet. Som vegeigar er fylkeskommunen også bekymra for arealplanlegging som medfører spreidd busetnad. Hovudveger som er laga for gjennomgangstrafikk er ikkje egna som bustadvegar, og risikoen for trafikkulykker aukar med aukande tal på avkjørsler. Kompakt planlegging bidreg til reduksjon av transportbehov og reduksjon i talet av avkjørsler. Av omsyn til reduksjon av privatbiltrafikk og trafikktryggleik støtter HFK rammeplanen sine prinsipp om å unngå eit spreidd utbyggingsmønster og i staden oppmode kommunane om å konsentrere bustadbygging i områder som har allereie har vegtilkomst.

Saman med rammeplanen er det utarbeida eit dynamisk kart gjennom Vegkart. Dette er nyttig og vil gi brukarane eit godt verktøy å arbeide med. Utfordringa blir å gjere alle aktuelle partar merksam på denne moglegheita, og difor vil informasjon om rammeplanen og kartløysinga ha stor betydning for å oppnå ein felles forståing og likehandsaming i arealplaner. Fylkeskommunen vil bidra til informasjon om rammeplan og oppmode kommunane og andre om å bruke denne i sitt arbeid med kommuneplanens arealdel, reguleringsplanar og kommunedelplanar.